

# Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglar ved dei vidaregåande skolane i Hordaland fylkeskommune





# Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skolane i Hordaland fylkeskommune

Revidert 24.08.2010

## Innhald

Heimel		side 1
Formål	§ 1	side 2
Virkeområde	§ 2	side 2
Plikter og ansvar	§ 3, pkt. 1, 2 og 3	side 2
	§ 3, pkt 4	side 3
	§ 3, pkt 5 Teieplikt	side 3
	§ 3, pkt 6 Ekskursjonar /reiser i regi av skolen	side 3
Forbod	§ 4, pkt 1, 2, 3, 4 og 5	side 3
	§ 5 Hærverk	side 3
Frammøte og fråvær	§ 6 Rutinar, pkt 1, 2, 3 og 4	side 4
	§ 7 Førings av fråvær på dokumentasjonen	side 4
	§ 8 Fråvær som ikkje skal førast på dokumentasjonen	side 4
	§ 8, pkt 1 Permisjon inntil 10 dagar	side 4
	§ 8, pkt 2 Velferdspermisjon	side 5
	§ 8, pkt 3 Sjølvstendig studiearbeid	side 5
Varsling	§ 9	side 5
Reaksjonsmåtar ved fusk til eksamen	§ 10	side 5
Bortvising frå eksamen	§ 11	side 6
Reaksjonar ved brot på ordensreglementet	§ 12	side 6
I tillegg til refsingstiltaka	§ 12, pkt. 1, 2, 3 og 4	side 7
Vurdering i orden og åtferd	§ 12	side 7
Refsingstiltak utan klagerett	§ 13, pkt 1 og 2	side 7
	§ 13, pkt 3, 4, 5, 6 og 7	side 8
Refsingstiltak med klagerett	§ 14, pkt 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 7	side 8
Sakshandsaming ved reaksjonar på brot på orden- og åtferdsreglementet der eleven har klagerett	§ 15	side 8
Klagehandsaming	§ 16	side 9
Klagen sendast til	§ 17 Klageinstansar	side 9
Tillegg til orden- og åtferdsreglementet		side 9

## Heimel

**LOV 1998-07-17 nr 61: Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) = (Oppl.lova)**

**Forskrift til Opplæringslova av 23.06.2006 nr 724 = (f.)**

**Ot.prp. nr. 46 (1997-98) Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)**

**Udir-07-2005 Om ordensreglement i grunnskoler og videregående skoler = (Udir-7-2005)**

**LOV-1967-02-10 nr 00: Lov om behandlingssaker i forvaltningssaker (forvaltningslova) = (Fvl.)**

## Formål

§1 Den vidaregåande opplæringa skal ta sikte på å utvikle dugleik, forståing og ansvar i forhold til fag, yrke og samfunn, og hjelpe elevane, lærlingane og lærekandidatane i deira personlege utvikling. Opplæringa skal fremje menneskeleg likeverd og likestilling, åndsfridom og toleranse, økologisk forståing og internasjonalt medansvar. Det skal leggjast vekt på å skape gode samarbeidsformer mellom skole og elevar, mellom skole og heim, og mellom skole og arbeidsliv.

Skolen skal arbeide for å hindre at elevar kjem til skade eller blir utsette for krenkjande ord eller handlingar.

Formålet med ordensreglementet er å skape eit godt klima for samarbeid, trivsel, respekt og medansvar for alle elevar og tilsette i skolesamfunnet og danne grunnlaget for vurdering i orden og åtferd. (Jf. Oppl.lov §§ 1-1, 3-7, f.§12-1 )

## Virkeområde

§2 Reglementet gjeld for alle heiltids, deltids- og utvekslingselevar og lærlingar/lærekandidatar under opplæring ved skolen og, så langt det høver, også for vaksenopplæringa sine elevar, hospitantar og andre når opplæringa er i skolen sin regi.

Reglementet gjeld i timane, friminutta, på veg til og frå skolen og ved opplæringsformer og aktivitetar i skolen sin regi utanfor skolen sitt område (til dømes ekskursjonar og elevreiser).

## Plikter og ansvar

§3 Elevane har plikt til å rette seg etter lover, reglement og instruksar som gjeld. Elevane skal møte skolen sine tilsette og medelevar med tillit og respekt.

1. Elevane er pliktig til å møte presis til opplæringa og delta i all opplæring

Eleven skal snarast mogeleg ta kontakt med faglærer for å avtale korleis læringsarbeidet kan følgjast opp dersom han/ho ikkje kan følgje opp arbeid til avtalt tid.

2. Elevane skal vere aktivt med i opplæringa i den form lærarane tilrettelegg og gjennomfører opplæringa i samsvar med læreplanane. (Oppl.1.§3-4,2.ledd)

Elevane pliktar å delta aktivt i opplæringa slik at læraren får grunnlag for å vurdere eleven sin kompetanse i faget. (f. 3-3, 3. ledd)

Stort fråvær eller andre særlege grunnar kan føre til at grunnlaget for halvårsvurdering med karakter eller standpunkt karakter manglar. (f. §3-3, 3.ledd)

3. Alt utstyr som nyttast i læringsarbeidet må brukast på ein slik måte at undervisninga eller læringsarbeidet ikkje blir forstyrra, eller at elevar, lærarar og andre blir utsett for mobbing og sjikane.

Elevane har sjølve ansvar for sine personlege egedelar. Syner elles til ”Vilkår for bruk av berbar elev-PC”

4. Elevane skal følgje verne- og tryggleiksreglar og bruke dei arbeidsklede og verneutstyr som det vert sett krav til og/ eller som er påbode av Arbeidstilsynet.

#### 5. Teieplikt

Elevar som gjennom sitt arbeid, oppdrag eller verv i samband med vidaregåande opplæring blir kjend med spesielle opplysningar, har teieplikt. Dette må ikkje være til hinder for å varsle om ulovlege tilhøve.

Teieplikta gjeld også etter at eleven har avslutta vidaregåande opplæring. (Forvaltn.lova § 13-c)

#### 6. Ekskursjonar/reiser i regi av skolen

Alle som deltek på ekskursjonar og reiser i skolens regi, skal vise omsorg og respekt for dei andre deltakarane. Tidsrommet mellom avreise og heimkomsten er å sjå på som skoletid, og ordensreglementet gjeld.

Eleven skal følgje instruksar frå reiseleiarar og skal ta del i det oppsette programmet for turen.

Brot på ordensreglane ved ekskursjonar /reiser i regi av skolen kan føre til heimsending for eigen kostnad.

## Forbod

### §4

1. Vald, tjuveri, mobbing, rasistiske utsegn og handlingar, seksuell trakassering, sjikane pga seksuell legning, religion eller livssyn og anna krenkjande åtferd er ikkje tillate
2. Elevane skal ikkje laste ned, lagre eller spreie pornografisk, rasistisk eller anna materiale som kan verke krenkande og/eller er i strid med norsk lov .
3. Det er forbode å ha farlege gjenstandar og våpen på skolen sitt område og ved all aktivitet i skolen sin regi.
4. Å vere påverka av, bruke eller oppbevare ulovleg rusmiddel er forbode på skolen sitt område og ved all aktivitet i skolen sin regi.
5. Det er ikkje tillate å vere påverka av alkohol eller bruke alkohol, tobakk/snus på skolen sitt område og ved all aktivitet i skolen sin regi.

Brot på desse reglane vert handsama etter reglane i §12, 13 og 14 i ordensreglementet.

### §5 Hærverk

Skolen sin eigedom, læremiddel og utstyr skal brukast med omtanke. Hærverk og skade fører til erstatningsansvar (jf Skadeserstatningslova).

#### Døme på refsingstiltak:

- Elevar kan gis høve til å utbetre skadane sjølv dersom dette er føremålstenleg.

- Elevar som har gjort hærverk, kan påleggast å rydde opp etter seg/utbetre skadar som er gjort når oppryddinga er arbeid eleven har føresetnad for å klare, og arbeidet står i rimelig forhold til brotet på regelverket (rydde søppel, vaske golv, fjerne tagging o.l.)
- Eleven kan også bli erstatningsansvarleg etter erstatningsrettslege reglar. (Udir-07-2005)

## **Frammøte og fråvær**

### **§6 Rutinar**

1. Alt fråvær skal registrerast i Skolearena
2. Eleven må melde frå til faglærer eller kontaktlærer dersom han/ho må forlate opplæringa i løpet av skoledagen.
3. Skolen skal ha beskjed om fråvær allereie frå første dag.
4. Ved gjentatt fråvær og/eller forseintkomingar skal skolen sikre tett oppfølging av eleven det gjeld og eventuelt ta kontakt med heimen for å få eleven til å møte slik han/ho skal.

### **§7 Føring av fråvær på dokumentasjonen**

Alt fråvær skal førast på vitnemålet og kompetansebeviset (Jf unnataka i § 8)  
Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar.

Rektor kan avgjere om fråvær for den eleven som ikkje er elev i alle fag, skal førast i dagar og timar eller berre i timar.

Eleven kan krevje at årsaka til fråværet vert ført på eit vedlegg til vitnemålet eller kompetansebeviset, dersom han eller ho legg fram dokumentasjon på årsaka til fråværet. (f. §3-47, 1. - 3. ledd)

## **§ 8 Fråvær som ikkje skal førast på dokumentasjonen**

Ved planlagt fråvær skal det søkjast til rektor. Søknaden skal vere skriftleg og grunngeven og skal leverast i god tid. (f. §3-47, 4.ledd) Fråvær frå opplæringa vert ikkje tillate dersom det kan føre til manglande vurderingsgrunnlag, eller dersom eit fråvær gjer det vanskeleg å gjennomføre samarbeidsprosjekt.

### **1. Permisjon inntil 10 dagar**

Rektor kan gje elevar permisjon inntil samanlagt 10 skoledagar i eit opplæringsår utan at desse dagane skal førast som fråvær på dokumentasjonen dersom eleven kan dokumentera at fråværet skyldast: Helse- og velferdsgrunnar, arbeid som tillitsvald, politisk arbeid, hjelpearbeid, lovpålagt oppmøte eller representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå. Jf. f. §3-47, 6.ledd m.o.t. reglar for helsefråvær.

Opptak til høgare utdanning der det vert kravd fritak frå skolen for å delta i obligatoriske opptaksprøvar, skal ikkje førast som fråvær.

Elevar som er medlemmer av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, har innanfor ramma på 10 skoledagar rett til inntil to dagar fri ved religiøse høgtider som ikkje blir ført på vitnemålet eller kompetansebeviset. (f. 3-47, 8. ledd)

## **2. Velferdspermisjon innanfor ramma på 10 skoledager**

Dokumentert tid til tannlege, lege, psykolog, fysikalsk behandling, OT/PPT, gravferd, lovpålagt oppmøte i rettssak og liknande skal ikkje først som fråvær på dokumentasjon.

Dette gjeld og dokumentert fråvær på grunn av avsluttande køyretest for sertifikat til køyring av personbil/motorsykkel. Køyretimar kjem ikkje inn under denne fråvørsordninga.

## **3. Studiepermisjon**

Eleven kan etter tilråding frå faglærer søkje rektor om å få utføre organisert eller sjølvstendig studiearbeid, for eitt eller fleire avgrensa tidsrom.

Skolen må følgje opp arbeidet til eleven slik at det vert grunnlag for vurdering av det sjølvstendige skolearbeidet, og at det vert grunnlag for karakter i faga.

Tida som vert nytta til sjølvstendig studiearbeid, skal ikkje først som fråvær. (f. § 3-47, 7. ledd)

Feriereiser kjem ikkje inn under omgrepet sjølvstendig studiearbeid.

## **Varsling**

**§ 9** Eleven og foreldra skal varslast skriftleg dersom det er tvil om eleven kan få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag fordi det ikkje er grunnlag for fastsetjing av karakter. (f. §3-7, 1.ledd)

Eleven og foreldra skal også varslast skriftleg dersom det er fare for at eleven i halvårsvurdering med karakter eller i standpunktkarakter kan få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller i åtferd. (f. §3-7, 2.ledd)

Varsalet skal givast utan ugrunna opphald. Varsalet skal gi eleven høve til å sikre at det finst grunnlag for halvårsvurdering med karakter og standpunktkarakter, eller gi eleven høve til å forbetre karakteren i orden eller åtferd. (f. §3-7, 3.ledd)

Etter at eleven har fylt 18 år, skal foreldra ikkje varslast. (f. §3-7, 4.ledd)

Elevar over 18 år kan gi samtykke til at føresette varslast.

## **Reaksjonsmåtar ved fusk ved eksamen**

**§10** Eksamen i eit fag kan annullerast dersom eleven har fuska eller forsøkt å fuske ved eksamen. Dette gjeld også dersom det er sensorane som oppdagar fusk eller forsøk på fusk. Spørsmålet om annullering av eksamen i faget skal avgjerast av rektor sjølv. Eleven skal ha høve til å uttale seg munnleg før rektor fattar enkeltvedtak om annullering av eksamen. Eleven har likevel rett til å fullføre eksamen på eksamensdagen. (f. §3-37,4.ledd)

Enkeltvedtak om annullering av eksamen kan påklagast til Fylkesmannen.

For elevar som får eksamen annullert på grunn av fusk eller forsøk på fusk, fell standpunkt karakteren bort. (f. §3-37, 5. ledd)

Dersom eksamen blir annullert på grunn av fusk eller forsøk på fusk, kan kandidaten gå opp til eksamen i faget som privatist, tidlegast eitt år etter den annullerte eksamen. (f. §3-37, 4. ledd)

Skolen skal informere eleven, og dei føresette til elevar under 18 år, om klageretten.

Fusk eller forsøk på fusk på eksamen vil få konsekvensar for karakteren i åtferd.

## **Bortvising frå eksamen**

**§11** Elevar skal ikkje hindre eller forstyrre gjennomføringa av eksamen. Dersom åtferda til ein elev er i strid med dei retningslinene som Utdanningsdirektoratet / Fylkeskommunen har for eksamen, kan eleven, etter å ha blitt åtvara, visast bort. Bortvising skal avgjerast av rektor sjølv og er eit enkeltvedtak som kan påklagast til Fylkesmannen. Eleven skal ha høve til å uttale seg munnleg for rektor før rektor eventuelt fattar enkeltvedtaket om bortvising. (f. §3-36, 1. ledd)

## **Reaksjonar ved brot på orden- og åtferdsreglementet**

**§12** Alle refsingstiltak skal registrerast i Skolearena

Andre tiltak enn dei typiske refsingstiltaka kan vere meir formålstenlege ved brot på ordensreglement eller andre normer for elevåtferd. Skolen skal i slike situasjonar freiste å finne årsaka til problema, om nødvendig i samarbeid med OT/PP-tenesta. Dessutan skal skolen vurdere om ein kan endre forhold som er årsak til problema. Skolen må freiste å bruke dei ressursane og hjelpemidla skolen rår over, tiltak som til dømes rådgiving, spesialpedagogiske tiltak, skolemekling og tilbod om overflytting til ein annan klasse.

Berre refsingstiltak som går fram av ordensreglementet kan brukast for elevar som handlar i strid med reglementet.

Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast. (Oppl.l.§3-7, 3. ledd)

Nødrett og nødverje gir ein viss rett for personalet på skolen til å stoppe basketak og slåsting mellom elevar med fysisk makt og til å verje seg sjølv mot elevar som er trugande eller valdelege, jf. §§ 47 og 48 i straffelova. Det kan ut frå forholda vere lovleg å bruke fysisk makt for å hindre at elevane skader seg sjølv eller andre, eller skader eigedommen til skolen eller eigedommen til andre.

Skolepersonalet har dessutan ei særleg plikt til å ha omsorg for elevane på skolen. Personalet har såleis ikkje berre rett, men også plikt til å gripe inn for å hindre at elevar skader eller plagar andre eller skader seg sjølv eller skoleeigedommen.

## **I tillegg til refsingstiltaka.**

1. Avgrensa og mellombels avstenging av tilgang til spesielle aktivitetar.
2. Brot på ordensreglane ved ekskursjonar/reiser (Jf §9) kan føre til heimsending for eigen kostnad.
3. Ved skade eller tilgrising på skolen sin eigedom kan fylkeskommunen krevje istandsetjing – jf. §5, eller erstatning etter reglane i Skadeserstatningslova.
4. Lovbrot vil resultere i varsling og melding til Politiet. Alle typar straffbare forhold som skjer på skolens område bør meldast til politiet ved skolens rektor. Politiet må deretter på sjølvstendig grunnlag finne ut om vilkåra for strafferettslig forfølgning, eventuelt ransaking og beslag er tilstede. (Udir-07-2005 )

## **Vurdering i orden- og åtferd**

Brot på ordensreglementet kan føre til nedsett halvårsvurdering og/eller standpunktkarakter i både orden og i åtferd.

Formålet med vurdering i orden og i åtferd er å bidra i sosialiseringsprosessen til eleven, skape eit godt psykososialt miljø og gi informasjon om eleven sin orden og åtferd. (f. §3-2, 4.ledd)

Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd er knytt til i kva grad eleven opptre i tråd med orden- og åtferdsreglementet ved skolen. (f. §3-5, 1.ledd)

- Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna at eleven er punktleg, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendig læremiddel og utstyr. (f. §3-5, 2. ledd)
- Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven oppfører seg på skoleområdet overfor medelevar, lærarar og andre tilsette og korleis elevane ter seg mot kvarandre på skolevegen. Det inneber mellom annan om eleven viser omsyn og respekt for andre. (f. 3-5, 3. ledd)
- I fastsetjinga av karakterane i orden og i åtferd skal det takast omsyn til føresetnadene eleven har. Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov. (f. §3-5, 5.ledd)
- Fråvær kan føre til nedsett karakter i anten orden eller åtferd. (f. §3-5, 5.ledd)
- Hovudgrunnlaget for fastsetjing av standpunktkarakterar i orden og i åtferd skal vere orden og åtferd hos eleven det siste halve skoleåret.
- Det er berre standpunktkarakteren i orden og i åtferd (som først på dokumentasjonen) som reknast som enkeltvedtak og løyser ut klagerett.

## **§ 13 Refsingstiltak utan klagerett**

1. Munnleg eller skriftleg påtale frå ein av dei tilsette ved skolen
2. Merknader

3. Gjenstandar som blir brukt til å forstyrre undervisninga kan beslagleggjast. Beslaglagde gjenstandar kan leverast attende til eleven etter skoletid
4. Ulovlege og/eller farlege gjenstandar skal beslagleggjast, og kan overleverast til politiet.
5. Ulovleg rusmiddel vert beslaglagt og om naudsynt overlevert politiet
6. Bortvising frå den aktuelle timen/aktiviteten for resten av arbeidsøkta etter vedtak fatta av faglærar. NB! Skolen har framleis tilsynsansvar for eleven.
7. Bortvising frå resten av skoledagen etter vedtak fatta av rektor

## § 14 Refsingstiltak med klagerett

Følgjande er enkeltvedtak og skal handsamast etter Forvaltningslova:

1. Annullering av eksamen – etter vedtak fatta av rektor sjølv
2. Bortvising frå eksamen – etter vedtak fatta av rektor sjølv
3. Bortvising for ein heil skoledag - og inntil fem skoledagar etter vedtak fatta av rektor sjølv
4. Vedtak fatta av fylkeskommunen v/opplæringsdirektøren om pålagt skifte av skole etter sak om vald eller mobbing
5. Vedtak fatta av fylkeskommunen v/opplæringsdirektøren om bortvising for resten av skoleåret
6. Vedtak fatta av fylkeskommunen v/opplæringsdirektøren om bortvising for resten av skoleåret med tap av rett til vidaregåande opplæring
7. Når ein elev vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går ut over orden og arbeidsro på skolen, eller når ein elev alvorleg forsømmer pliktene sine, kan eleven visast bort for resten av skoleåret. I samband med eit vedtak om bortvising for resten av skoleåret kan fylkeskommunen også vedta at eleven skal miste retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1. (Oppl.l.§3-8)

## Sakshandsaming ved reaksjonar på brot på orden- og åtferdsreglementet der eleven har klagerett

**§15** Før det vert sett i verk tiltak mot elevar som bryt ordensreglementet skal eleven få høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda. I grunngjevinga frå rektor skal det visast til dei faktiske forholda vedtaket byggjer på og kva for reglar som vert nytta.

Ved brot på ordensreglementet som kan føre til bortvising for meir enn resten av skoledagen, skal vedtaket grunngjevast i eige brev til eleven. Eleven og dei føresette har rett til opplysningar om klagerett, klagefrist og rett til å sjå eventuelle dokument i saka. (Fvl.§27,3 ledd)

Vedtaket kan setjast i verk umiddelbart og har ingen betydning for klageretten.

Eleven skal også få orientering om at det i spesielle høve kan søkast om utsetting av sjølve bortvisinga til handsaminga av ein eventuell klage er slutført. (Fvl §27, 3.ledd)

## Klagehandsaming

**§16** Ein klage skal vera skriftleg og grunngjeven. I klagen må det gjerast greie for dei tilhøva det vert klaga over, og klagen skal sendast til den instansen som har fatta vedtaket innan klagefristen – til vanleg 3 veker etter mottak.

### **§17 Klagen skal sendast til den som har gjort vedtaket**

- Klage over bortvising inntil 5 dagar skal sendast til rektor
- Klage over annullering og bortvising frå eksamen skal sendast rektor
- Klage over bortvising for resten av skoleåret, eventuelt tap av opplæringsretten, skal sendast direkte til opplæringsdirektøren

Dersom rektor opprettheld bortvisingsvedtaket og ikkje tek klaga til følge, skal rektor sende klagen med si utgreiing og grunngjeving for dette vedtaket til opplæringsdirektøren som klageinstans.

Dersom rektor opprettheld vedtaket om annullering av eksamen eller bortvising frå eksamen, skal rektor sende klagen vidare til Fylkesmannen

Eleven som har klaga på enkeltvedtaket, skal få kopiar av oversendingsbrevet og rektor eventuelt opplæringsdirektøren si utgreiing og grunngjeving når klagesaka vert sendt vidare til klageinstansen.

### **Klageinstansar**

- Ved vedtak om annullering av eksamen ved fusk eller forsøk på fusk som er fatta av rektor sjølv, er klageinstans Fylkesmannen
- Ved vedtak om bortvising av eksamen som er fatta av rektor sjølv, er klageinstans Fylkesmannen
- Ved vedtak om bortvising for inntil 5 dagar som er fatta av rektor, er opplæringsdirektøren klageinstans
- Ved vedtak om bortvising for resten av skoleåret som er fatta av opplæringsdirektøren i medhald av delegasjonsfullmakt, er klageinstansen den fylkeskommunale klagenemnda.
- Ved vedtak om tap av opplæringsrett som opplæringsdirektøren har fullmakt til å fatte, er klageinstansen Fylkesmannen.

## Tillegg til orden- og åtferdsreglementet

For spesielle forhold som ikkje er dekte av orden- og åtferdsreglementet eller andre felles reglar som alt er gjevne av departementet eller fylkeskommunen, kan rektor fastsette tilleggsreglar. Desse kan ikkje vere i staden for, eller i strid med reglementet.

### **Dette kan gjelde:**

- \* Reglar for kantina
- \* Reglar for skolekjøkken og verkstader
- \* Reglar for skoleavisa
- \* Internatreglement
- \* Ordensteneste
- \* Eventuelle andre spesielle tilhøve



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Opplæringsavdelinga  
Pedagogisk seksjon  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 99 02

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)